



MEDLEMSSKRIV MARS / APRIL 2021.

Det er vår og travle tider. Berre ei lita påminning om å tenke litt på smittevern. Dessverre framleis like aktuelt som for eit år sidan.

Smittevern:

Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA har det overordna ansvaret for å sørge for gode smittevernrutinar for våre avløyssarar, men det er du som bonde / oppdragsgjevar som har det daglege ansvaret på gardsbruket.

Her er eit utdrag frå «avtale om smittevern» som seier litt om kva Arbeidstilsynet har fokus på:

Det skal alltid vera rutinar og tiltaksplan som vernar både innleigd arbeidskraft og evt. egne tilsette. I tida framover vil Arbeidstilsynet ha ekstra fokus på følgjande punkt:

- kartlegge og risikovurdere faren for spreing av koronavirus
- ha ein plan for tiltak for å fjerne eller redusera risiko for spreing av viruset
- Ha gode daglege rutinar for reinhald for å minimera smitterisikoen, og alltid ha tilgjengeleg smittevernutstyr for dei tilsette
- Arbeidstakarane skal til ei kvar tid få opplæring i smitteverntiltaka på eit språk dei forstår. Det same gjeld oppslag med smittevernrutinar

Tenk smittevern i ein travel kvardag!

Treng de råd og hjelp i samband med dette, så er det bare å ta kontakt. Kontoret er inntil vidare stengt, men eg er tilgjengelig frå heimekontor.

God påske!

Helsing
Bjerkreim og Gjesdal Landbrukstenester SA
Samuel Lima Madland (sign.)